

## Innfartsparkering for bussreisende på Moa

Aust for svømmehallen på Moa er eit område med ca. 60 parkeringsplassar reservert for pendlarar som køyrer til Moa og tar bussen vidare derifrå. Pendlarar kan kjøpe ein dagsbillett som gjeld parkering og bussbillett tur-retur Moa strekninga sjukehuset, Campus og Ålesund sentrum. Reisande med gyldig periodebillett for buss og som skal vidare med buss frå Moa, kan og bruke desse plassane.

### Kvar er desse parkeringsplassane?

Området ligg aust for svømmehallen på Moa, med innkøyring frå Moavegen.



Frå innkøyringa til området:




### Kjøp 12-timarsbillett i FlexiPark-appen

For 44 kroner per dag får du parkering og bussbillett tur/retur mellom Moa og Ålesund sentrum. Det er same prisen som ein enkeltbillett på bussen. Parkerings-/bussbilletten varar i 12 timar og gjeld for førar av bil.

For å kjøpe billett må du laste ned FlexiPark-appen. I appen vel du «Parkeringsavtale», deretter «Bestill parkeringsavtale» og alternativet «Innfartsparkering Moa».

Du får då ein «billett» (Aktiv avtale) i appen som gjeld som billett på bussen. Du viser denne billetten til sjåføren når du går på bussen.



### Området kan og brukast av dei som har periodebillett på buss

Dei aktuelle parkeringsplassane og er òg opne for reisande med gyldig periodebillett for buss. Pendlarar med gyldig periodebillett kan parkere på pendlarparkeringa utan å løyse parkeringsbillett.

Utskrift/bilde av gyldig periodebillett eller godt lesbar kvittering på kjøp av periodebillett må plasserast godt synleg gjennom frontruta på køyretøyet.

### Plan på sikt

På litt sikt ser vi for oss ei løysing for å knytte parkeringsapp og gyldig periodebillett saman, men dette vil det ta noko tid å få på plass.

### 14 bussar i timen

I rushtidsperiodane frå sju til ni om morgonen og halv to til halv seks på ettermiddagen går det 14 bussar i timen kvar veg mellom Moa og sentrum. Dette betyr at det ikkje er lang ventetid, og det er enkelt med parkeringsbillett og bussbillett i same app.